

Møteprotokoll for Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Møtedato: 21.04.2026
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: kl 12.30 - 15.00

Møtedeltakarar	Parti
Kristine Bøe Berge	AP
Berit Fyljesvoll Haugslund	SP
Åsmund Bakka	SP
Reidar Sand	SV

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Stian Ollila	AP

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Sølve Myrvang	AP

Andre:

Øyvind Stueland, kommunalsjef kultur- og samfunnsutvikling.
Dagfinn Svadberg Hatløy, einingsleiar Bygdeutvikling.
Kommunedirektør Siri Halvorsen orienterte i sak 036/26.

Det blei gjennomført synfaring knytta til sak 029/26, 034/26 og 035/26. I sak 029/26 deltok søkjar Ørjan Kvelvane i synfaringa og framførte synspunkt. I sak 034/26 deltok parten Vidar Guggedal i synfaringa og framførte synspunkt.

Møtesekretær:
Therese Mattjus

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
023/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
024/26	Godkjenning av møteprotokoll	
025/26	Spørsmål og interpellasjon	
026/26	Meldingar	
027/26	Delegasjonssaker	
028/26	Delegasjonssaker kommunedirektør	
029/26	Klage - Gnr 167 bnr 9 - Ørjan Kvelvane - Fritidsbustad	
030/26	Klage - naust med gangbrygge - gnr 149 bnr 66 - Erfjord	
031/26	Klage frå Statsforvaltaren i Rogaland på Suldal kommune sitt vedtak om dispensasjon for riving og	

	bygging av fritidsbustad - gnr 42 bnr 19 - Heimre Kvilldalsdalen	
032/26	Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Suldal kommune, Rogaland	
033/26	Høyring - Nye forskrifter og endringer i utvalde forskrifter på viltområde i samband med ikrafttredeing av viltressurslova	
034/26	Søknad om omdisponering av dyrka jord §9 jordlova ved omlegging tilkomstveg for bustadeigedom gnr 59, bnr 87, på gnr 59, bnr 3 og 6 Nesflaten	
035/26	Søknad om riving av løe etter § 20-1 plan- og bygningslova på gardsbruket gnr 92, Bnr 1, Hylen	
036/26	Helsekonsekvensutgreiing	
037/26	Vatn og avlaupshandtering frå krysset inn til Nedre Dalane og opp mot Olastien - tilleggsløyving	
038/26	Brannstasjon på Sand - plassering og kjøp av tilleggsareal	
039/26	Kammen - bustadområde avsett i kommuneplanen	
040/26	Årsmelding 2025	

023/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

LMT - 023/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

024/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå førre møte vert godkjend slik han ligg føre.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

LMT - 024/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå førre møte vert godkjend slik han ligg føre.

025/26 Spørsmål og interpellasjon

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Det er ikkje meldt spørsmål og interpellasjon til møtet.

LMT - 025/26 Vedtak:

Det er ikkje meldt spørsmål og interpellasjon til møtet.

026/26 Meldingar

Meldingane vert tekne til vitande jamfør kvart punkt.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

ME 1 Tilskot frå Miljødirektoratet til kartlegging av naturmangfald i sjø. Til vitande.

LMT - 026/26 Vedtak:

Meldinga vert tatt til vitande.

027/26 Delegasjonssaker

Sakene vert tekne til vitande.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)**Handsaming:**

DS 005/26 Gnr 65 bnr 1 - Søknad om kommunal næringsstøtte landbruk, motormanuell hogst.

DS 004/26 Søknad om konsesjon for kjøp av gnr 73, bnr 5 - Tysseland.

LMT - 027/26 Vedtak:

Sakene vert tekne til vitande.

028/26 Delegasjonssaker kommunedirektør

Sakene vert tekne til vitande.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)**Handsaming:**

DK 027/26 Dispensasjon og løyve til bustad - 84/68 - Vanvikvegen

DK 101/26 Dispensasjon til utebod - 145/177 - Økstrafjordvegen 1090

DK 099/26 Endring av gitt løyve - 103/577 - Eidsvegen 1

DK 026/26 Endring av gitt løyve - 103/662 - Bustad

DK 045/26 Ferdigattest - 102/47 - Rubbhall

DK 037/26 Ferdigattest - 103/435 - Påbygg

DK 044/26 Ferdigattest - 103/653 - Carport med terrasse og tak over eksisterande terrasse

DK 118/26 Ferdigattest - 113/56 - Endring av bygg utvendig

DK 096/26 Ferdigattest - 54/2 - Antennesystem

DK 022/26 Ferdigattest - 54/5 - Pipeforing

DK 104/26 Ferdigattest - 6/22 - bod

DK 047/26 Ferdigattest - 6/41 - Tilbygg fritidsbustad

DK 115/26 Ferdigattest - 60/62 - Garasje

DK 046/26 Ferdigattest bustad - 139/213 og 214 - Svehaugane 68 og 70

DK 058/26 Gnr 117 bnr 1 - Kristina Sildelid - Søknad om godkjenning av spreieareal

DK 117/26 Gnr 126 bnr 1 - Løyve til arealoverføring av parsell til fritidseigedom gnr 126 bnr 58

DK 043/26 Gnr 161 bnr 1 - Løyve til innløyising av punktfeste for eksisterande hytte - Rørtveit/Nonsheia

DK 060/26 Gnr 170 Bnr 1 - Sigurd Kilane - Søknad om godkjenning av spreieareal

DK 057/26 Gnr 41 bnr 3 - Øystein Lofthus - Søknad om godkjenning av spreieareal

DK 059/26 Gnr 57 bnr 1 - Jon Inge Vethus - Godkjenning av beite som spreieareal

DK 094/26 Gnr. 112 bnr. 1- Kommunal næringsstøtte til landbruket- utviding av haskap plantefelt

DK 079/26 Gnr. 118 bnr. 11- Kommunal næringsstøtte til landbruket, Nofence småfeklavar
 DK 062/26 Gnr. 126 bnr. 1- Kommunal næringsstøtte til landbruket- nydyrking 10,4 da
 DK 073/26 Gnr. 134 bnr. 130- Kommunal næringsstøtte landbruk- grøfting
 DK 087/26 Gnr. 139 bnr. 69- kommunal næringsstøtte til landbruket, Gjetargut ebjølle
 DK 084/26 Gnr. 151 bnr. 2- kommunal næringsstøtte til landbruket- grøfting
 DK 078/26 Gnr. 154 bnr. 1- Kommunal næringsstøtte til landbruket, Nofence storfeklavar
 DK 092/26 Gnr. 163 bnr. 1- Kommunal næringsstøtte til landbruket, elektronisk overvaking
 av beitedyr, Telespor radiobjøller
 DK 065/26 Gnr. 22 bnr. 2- Kommunal næringsstøtte til landbruket, elektronisk overvaking av
 beitedyr, Gjetargut,
 DK 064/26 Gnr. 22 bnr. 2- Kommunal næringsstøtte til landbruket, Nofence
 DK 071/26 Gnr. 24 bnr. 5- Kommunal næringstøtte til landbruket, elektronisk overvaking av
 beitedyr, Gjetargut
 DK 067/26 Gnr. 25 bnr. 2- Kommunal næringsstøtte til landbruket, elektronisk overvaking av
 beitedyr, Nofence storfeklavar.
 DK 091/26 Gnr. 39 bnr. 2- kommunal næringsstøtte til landbruket
 DK 029/26 Gnr. 4 bnr. 2 - Jørgen Risa - Løyve til oppretting av punktfeste for hytte - Froa 4
 DK 085/26 Gnr. 40 bnr. 1- kommunal næringstøtte til landbruket, Gjetargut ebjølle
 DK 093/26 Gnr. 40 bnr. 2- Kommunal næringsstøtte til landbruket, Gjetargut ebjøller.
 DK 080/26 Gnr. 41 bnr. 1- Kommunal næringsstøtte landbruk, Gjetargut ebjøller
 DK 088/26 Gnr. 42 bnr. 2- kommunal næringsstøtte til landbruket, inngjerding 1219 m
 DK 119/26 Gnr. 5 bnr. 1- Suldal Samdrift DA- Kommunal næringsstøtte til landbruket-
 mjølkerobot
 DK 072/26 Gnr. 5 bnr. 2- Kommunal næringsstøtte landbruk, driftsbygning sau
 DK 076/26 Gnr. 51 bnr. 1- Kommunal næringsstøtte til landbruket- Telespor radiobjøller
 DK 075/26 Gnr. 54 bnr. 2- Kommunal næringsstøtte til landbruket, Gjetargut
 DK 110/26 Gnr. 59 bnr. 1- Kommunal næringsstøtte landbruk, Gjetargut ebjøller, 40 stk.
 DK 066/26 Gnr. 59 bnr. 4- Kommunal næringsstøtte til landbruket, elektronisk overvaking av
 beitedyr, Gjetargut
 DK 111/26 Gnr. 59 bnr. 4- Kommunal næringsstøtte til landbruket, elektronisk overvaking av
 beitedyr, tilleggsløyving
 DK 081/26 Gnr. 62 bnr. 1- Kommunal næringsstøtte landbruk, Gjetargut ebjøller
 DK 082/26 Gnr. 62 bnr. 1- Kommunal næringsstøtte til landbruket- inngjerding
 DK 089/26 Gnr. 65 bnr. 1- kommunal næringsstøtte til landbruket, Gjetargut ebjølle
 DK 086/26 Gnr. 65 bnr. 1- kommunal næringstøtte til landbruket, nydyrking, 4,3 daa
 DK 077/26 Gnr. 68 bnr. 3- Kommunal næringsstøtte til landbruket, Gjetargut ebjølle.
 DK 120/26 Gnr. 78 bnr 1 og 6- Kommunal næringsstøtte til landbruket- ombygging til lausdrift
 for ammeku
 DK 063/26 Gnr. 78 bnr. 6 kommunal næringsstøtte til landbruket, Telespor, radiobjella
 DK 068/26 Gnr. 81 bnr. 1- Kommunal næringsstøtte til landbruket, elektronisk overvåkning
 av beitedyr, Nofence småfeklave.
 DK 074/26 Gnr. 82 bnr. 5- Kommunal næringsstøtte til landbruket, Nofence storfeklave
 DK 069/26 Gnr. 97 bnr. 5 Kommunal næringstøtte til landbruket, elektronisk overvaking av
 beitedyr, Nofence småfeklave
 DK 090/26 Gnr. 98 bnr. 2- kommunal næringsstøtte til landbruket, inngjerding 505 m.
 DK 035/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr 40 bnr 1, gnr 26 bnr 2, gnr
 159 bnr 1
 DK 038/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr 59 bnr 5 og gnr 58 bnr 1
 DK 050/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr 95 bnr 1 og 2
 DK 052/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 112 Gnr 1 og 6, gnr 111
 bnr 6
 DK 051/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 123 bnr. 2
 DK 056/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 147 bnr. 3 og 4, og gnr
 148 bnr 3 og 8
 DK 036/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 149 bnr. 2
 DK 048/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 176 bnr. 1 og 2
 DK 055/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 183 bnr. 1

DK 054/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 184 bnr. 1
DK 039/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 65 bnr. 1 og gnr. 65 bnr. 3
DK 034/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 79 bnr. 1
DK 049/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 80 bnr. 1
DK 041/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 81 bnr. 1 og gnr. 77 bnr. 2
DK 040/26 Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 82 bnr. 1, 3 og 5
DK 097/26 Korrigering av vedtak- godkjenning av innmarksbeite som spreieareal på gnr. 112 bnr. 1 og 6, gnr 111 bnr. 6
DK 021/26 Løyve til bruksendring - 103/54 - Gata 10B
DK 107/26 Løyve til bruksendring av driftsbygning til bustadhus - 110/17 - Foldøy
DK 103/26 Løyve til endring av veg- og VA-anlegg - 103/410 - Sandsvegen
DK 108/26 Løyve til fasadeendring og tilbygg - fritidsbustad - 110/45 - Generalvegen 76
DK 028/26 Løyve til fasadeendring og tilbygg på fritidsbustad- 110/45 - Generalvegen 76
DK 019/26 Løyve til fritidsbustad - 134/111 - Middagsåsen
DK 114/26 Løyve til jordprøvetaking i Hylsskaret naturreservat - Norsk institutt for bioøkonomi/NIBIO
DK 102/26 Løyve til rehabilitering av pipe - 29/8 - Suldalsvegen 1529
DK 106/26 Løyve til reiskapshus - 85/1 - Vanvikvegen
DK 112/26 Løyve til skadefelling av grågå - Foldøy
DK 023/26 Løyve til tilbygg, orangeri og garasje - 149/17 - Bogsundvegen
DK 061/26 Løyve til tiltak - 2/22 - Tilbygg fritidsbustad - Gullingvegen 879
DK 053/26 Løyve til tiltak - 93/30 - antennesystem - Rygjatunvegen 3
DK 095/26 Løyve til utsleppsleidning etter hamne og farvasslova - 136/15 - Mibau Stema
DK 100/26 Løyve til uttak av gran i Hålandsdalen naturreservat - Suldal kommune
DK 105/26 Mellombels bruksløyve Bustad - ei bueining- 59/95 - Nesflotvegen
DK 098/26 Suldal jeger og fiskeforening - Dispensasjon frå båndtvang for ståande fuglehund ved rype- og skogsflugtaksering
DK 113/26 Søknad om løyve til jordprøvetaking i Hylsskaret naturreservat
DK 025/26 Utsleppsløyve - 155/6 - Lovraeidet
DK 109/26 Utsleppsløyve - 184/62 - Vormestrandsvgegen
DK 042/26 Utsleppsløyve - 40/1 - Mellombels reinseanlegg
DK 024/26 Utsleppsløyve - 68/43 - tett tank

LMT - 028/26 Vedtak:

Sakene vert tekne til vitande.

029/26 Klage - Gnr 167 bnr 9 - Ørjan Kvelvane - Fritidsbustad

Kommunedirektøren si innstilling

Klage, dagsett 04.11.2025, på avslag 14.10.2025 i LMT sak 100/25, vert ikkje teke til følge.

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at det er kome fram vesenleg nye moment i klaga som endrar Suldal kommune sine vurderingane frå 1. gongs handsaming. Dispensasjon som omsøkt vil innebera ei vesentleg tilsidesetjing av omsyna bak LNF-føremålet, både ved å opna for fritidsbustad i LNF-område og ved å leggja til rette for spreidd bygging utanføre tunet.

Suldal kommune avslår søknad etter plan- og bygningslova § 19-2 om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad på 40 - 60m² på gnr 167, bnr 9, Kvelvane, jamfør innsendt søknad.

Suldal kommune kan ikkje sjå at det ligg føre grunnar som tilseier at kommunen kan gje dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanen sin arealdel, LNF-område.

17.02.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Felles forslag om utsetting til neste møte og ber om synfaring.

LMT - 010/26 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte, og utvalet ønskjer synfaring før saka blir handsama.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Endringsforslag, foreslått av Sølve Myrvang, Arbeiderpartiet

Ber administrasjonen gå i forhandling med grunneigar og komma med revidert søknad der gardsvei og plassering blir hensyntatt statsforvaltaren sin merknader. Klagen blir med dette tatt til følge.

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling:

For: 2 - SV, SP Åsmund Bakka

Endringsforslag frå AP:

For: 3 - AP, SP Berit Fyljesvoll Haugsland

LMT - 029/26 Vedtak:

Ber administrasjonen gå i forhandling med grunneigar og komma med revidert søknad der gardsvei og plassering blir hensyntatt statsforvaltaren sin merknader. Klagen blir med dette tatt til følge.

030/26 Klage - naust med gangbrygge - gnr 149 bnr 66 - Erfjord

Kommunedirektøren si innstilling

Klage frå Statsforvaltaren i Rogland, dagsett 11.03.2026, på dispensasjon frå §§ 1-8 og 19-2 i plan- og bygningslova, samt LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen, for oppføring av båthus og gangbrygge på gnr 149, bnr 66, vert ikkje teke til følge.

Suldal kommune gir dispensasjon etter §§ 1-8 og 19-2 i plan- og bygningslova, samt LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen, for oppføring av båthus og gangbrygge på gnr 149, bnr 66.

Vilkår:

- Båthuset skal tilpassast lokal byggeskikk og materialval
 - høgden på båthuset skal nedjusterast i tråd med nærliggande naust
 - Det skal ikkje leggjast til rette for to høgder
 - Båthuset skal ikkje ha vindauge
- Det skal ryddast og leggjast tydeleg til rette for ferdsel på baksida av båthuset
- Eigedomen må ikkje gjerdast inn eller på annan måte privatiserast ytterlegare

Det må søkjast byggeløyve med oppdatert søknad, teikningar, målsett planteikning og situasjonsplan, justert i tråd med dette vedtaket

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 030/26 Vedtak:

Klage frå Statsforvaltaren i Rogaland, dagsett 11.03.2026, på dispensasjon frå §§ 1-8 og 19-2 i plan- og bygningslova, samt LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen, for oppføring av båthus og gangbrygge på gnr 149, bnr 66, vert ikkje teke til følge.

Suldal kommune gir dispensasjon etter §§ 1-8 og 19-2 i plan- og bygningslova, samt LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen, for oppføring av båthus og gangbrygge på gnr 149, bnr 66.

Vilkår:

- Båthuset skal tilpassast lokal byggeskikk og materialval
 - høgden på båthuset skal nedjusterast i tråd med nærliggande naust
 - Det skal ikkje leggst til rette for to høgder
 - Båthuset skal ikkje ha vindauge
- Det skal ryddast og leggst tydeleg til rette for ferdsel på baksida av båthuset
- Eigedomen må ikkje gjerast inn eller på annan måte privatiserast ytterlegare

Det må søkjast byggeløyve med oppdatert søknad, teikningar, målsett planteikning og situasjonsplan, justert i tråd med dette vedtaket

031/26 Klage frå Statsforvaltaren i Rogaland på Suldal kommune sitt vedtak om dispensasjon for riving og bygging av fritidsbustad - gnr 42 bnr 19 - Heimre Kvilldalsdalen

Kommunedirektøren si innstilling

A. Klage frå Statsforvaltaren i Rogaland, dagsett 12.03.2026, på dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bygning og oppføring av ny fritidsbustad på gnr. 42, bnr. 19, Heimre Kvilldalsdalen, vert ikkje teke til følge.

B. Suldal kommune vil understreke at storleik for den aktuelle hytta no er redusert i to omganger i høve original søknad og at Villreinnemda opner for godkjenning av ei mindre utviding på 20 m2, slik det er praktisert før. Kommunedirektøren ber Statsforvaltaren i Rogaland på ny vurdere om klaga frå dei er forholdmessig ut frå innhald og fakta i saka.

C. Suldal kommune ber Statsforvaltaren i Rogaland trekke si klage i saka.

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bygning og oppføring av ny fritidsbustad på gnr. 42, bnr. 19, Heimre Kvilldalsdalen som omsøkt. Oppføring av fritidsbustad på 54,6 m2 BYA i to høgder, vil setja omsyna bak LNF-føremålet i kommuneplanen og omsynssone villrein H580_2 vesentleg til side.

2. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bygning og oppføring av ny fritidsbustad på gnr. 42, bnr. 19, Heimre Kvilldalsdalen, på følgjande vilkår:

1. Det skal liggja føre dokumentert skredfareutgreiing utført av fagkyndig føretak med naudsynt kompetanse, i tråd med krav i plan- og bygningslova § 28-1.
2. Fritidsbustaden kan vera inntil 55m² BYA, på ei høgd.

Det må søkjast byggeløyve med oppdatert søknad, teikningar, målsett planteikning og situasjonsplan, justert i tråd med dette vedtaket.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 031/26 Vedtak:

A. Klage frå Statsforvaltaren i Rogaland, dagsett 12.03.2026, på dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bygning og oppføring av ny fritidsbustad på gnr. 42, bnr. 19, Heimre Kvilldalsdalen, vert ikkje teke til følge.

B. Suldal kommune vil understreke at storleik for den aktuelle hytta no er redusert i to omganger i høve original søknad og at Villreinnemda opner for godkjenning av ei mindre utviding på 20 m², slik det er praktisert før. Kommunedirektøren ber Statsforvaltaren i Rogaland på ny vurderer om klaga frå dei er forholdmessig ut frå innhald og fakta i saka.

C. Suldal kommune ber Statsforvaltaren i Rogaland trekke si klage i saka.

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bygning og oppføring av ny fritidsbustad på gnr. 42, bnr. 19, Heimre Kvilldalsdalen som omsøkt. Oppføring av fritidsbustad på 54,6 m² BYA i to høgder, vil setja omsyna bak LNF-føremålet i kommuneplanen og omsynssone villrein H580_2 vesentleg til side.

2. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bygning og oppføring av ny fritidsbustad på gnr. 42, bnr. 19, Heimre Kvilldalsdalen, på følgjande vilkår:

1. Det skal liggja føre dokumentert skredfareutgreiing utført av fagkyndig føretak med naudsynt kompetanse, i tråd med krav i plan- og bygningslova § 28-1.
2. Fritidsbustaden kan vera inntil 55m² BYA, på ei høgde.

Det må søkjast byggeløyve med oppdatert søknad, teikningar, målsett planteikning og situasjonsplan, justert i tråd med dette vedtaket.

032/26 Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Suldal kommune, Rogaland

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunedirektøren rår til at ordlyden for fellingsavgift blir som følgjar i forslag til ny forskrift:

Fellingsavgift kreves inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd.

Satser for fellingsavgift blir sett til maksimal sats for elg og vaksne hjort og for hjortekalv 50 % av maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak.

Heile forskrifta ligg ved.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 032/26 Vedtak:

Kommunedirektøren rår til at ordlyden for fellingsavgift blir som følgjar i forslag til ny forskrift:

Fellingsavgift kreves inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd.

Satser for fellingsavgift blir sett til maksimal sats for elg og vaksne hjort og for hjortekalv 50 % av maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak.

Heile forskrifta ligg ved.

033/26 Høyring - Nye forskrifter og endringar i utvalde forskrifter på viltområde i samband med ikrafttreiding av viltressurslova

Kommunedirektøren si innstilling

Suldal kommune har dette som høyringssvar:

1.Landbruksdirektoratet kan etter søknad frå den einskilte fylkeskommune tillate at det i fylkeskommunal forskrift åpnes for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt på hjort for å avverge alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser, **gjeldane for samtlege kommuner i vedkommande fylke**. I søknaden må fylkeskommunen dokumentere eit behov for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel for å avverge alvorleg skade. Slik forskrift kan fastsettes for ein periode på inntil fem år om gangen, og skal avgrense bruken av restlysforsterkende og termiske siktemiddel til jakt i ope terreng. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidlar ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

2. Ved manglande rapportering av fellingsrapport innan tidsfrist frå valda to år på rad, bør kommunane få sansksjonsmogleigheiter ved til dømes å nekte å gi ut nye løyver påfallande år til valdet, eller at valdet må søkje om ny godkjenning med ny valdleiar.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 033/26 Vedtak:

Suldal kommune har dette som høyringssvar:

1.Landbruksdirektoratet kan etter søknad frå den einskilte fylkeskommune tillate at det i fylkeskommunal forskrift åpnes for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt på hjort for å avverge alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser, **gjeldane for samtlege kommuner i vedkommande fylke**. I søknaden må fylkeskommunen dokumentere eit behov for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel for å avverge alvorleg skade. Slik forskrift kan fastsettes for ein periode på inntil fem år om gangen, og skal avgrense bruken av restlysforsterkende og termiske siktemiddel til jakt i ope terreng. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidlar ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

2. Ved manglende rapportering av fellingsrapport innan tidsfrist frå valda to år på rad, bør kommunane få sanksjonsmogleigheiter ved til dømes å nekte å gi ut nye løyver påfallande år til valdet, eller at valdet må søkje om ny godkjenning med ny valdleiar.

034/26 Søknad om omdisponering av dyrka jord §9 jordlova ved omlegging tilkomstveg for bustadeigedom gnr 59, bnr 87, på gnr 59, bnr 3 og 6 Nesflaten

Kommunedirektøren si innstilling:

Alternativ A:

Suldal kommune avslår etter § 9 i jordlova samtykke til omdisponering av 0,4 daa dyrka jord på gnr 59, bnr 3 og 6, som omsøkt. Omsøkte løysing er uheldig både i høve til arrondering, driftstilhøve for jordbruket og auka bruk av dyrka jord slik vegen er utforma i søknad.

På vilkår av at omsøkte veg blir endra til ei rett linje frå bustadeigedommen gnr 59/87 fram til fylkesveg 4720, kan Suldal kommune etter §9 i jordlova godkjenne omdisponering av 0,4 dekar som ny tilkomstveg til gnr 59, bnr 87. Ei slik vegløyving gir mindre bruk av dyrka jord, mindre arbeid med gjerding og ei betre vegline, enn det som er føreslått i rettsforlik i Haugaland og Sunnhordaland jordskifterett 30.10.25.

Alternativ B:

Suldal kommune gir etter § 9 i jordlova samtykke til omdisponering av vel 0,4 daa dyrka jord på gnr 59, bnr 3 og 6, som ny tilkomstveg til gnr 59, bnr 87, som omsøkt jfr rettsforlik i Haugaland og Sunnhordaland jordskifterett 30.10.25.

Kommunedirektøren tilrår alternativ A i saka.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

RØYSTING:

Kommunedirektøren si innstilling:

Alternativ A:

Alternativ B: Samrøystes

LMT - 034/26 Vedtak:

Suldal kommune gir etter § 9 i jordlova samtykke til omdisponering av vel 0,4 daa dyrka jord på gnr 59, bnr 3 og 6, som ny tilkomstveg til gnr 59, bnr 87, som omsøkt jfr rettsforlik i Haugaland og Sunnhordaland jordskifterett 30.10.25.

035/26 Søknad om riving av løe etter § 20-1 plan- og bygningslova på gardsbruket gnr 92, Bnr 1, Hylen

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det ikkje gjeve løyve for riving av eksisterande løe på gnr 92, bnr 1, Hylen som omsøkt.

Hylen inngår i KULA-området i Hylsfjorden og Suldalsvatnet, som er Riksantikvaren sitt register over kulturhistoriske landskap med nasjonal interesse. Det verneverdige bygningsmiljøet i Hylen er regulert med omsynssone H570_1 i kommuneplanen for Suldal. I retningslinjene til planen står det, under 3.2.4 "Omsynssone prioriterte kulturmiljø H570", at: Omsynet til bygningsmiljøet skal ha avgjerande vekt ved handsaming av søknadar om tiltak i desse områda. Løa i Hylen i seg sjølv, og ikkje minst som ein viktig del av det samla bygningsmiljøet på staden, representerer kulturhistorie av lokal og viktig regional verdi.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 035/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det ikkje gjeve løyve for riving av eksisterande løe på gnr 92, bnr 1, Hylen som omsøkt.

Hylen inngår i KULA-området i Hylsfjorden og Suldalsvatnet, som er Riksantikvaren sitt register over kulturhistoriske landskap med nasjonal interesse. Det verneverdige bygningsmiljøet i Hylen er regulert med omsynssone H570_1 i kommuneplanen for Suldal. I retningslinjene til planen står det, under 3.2.4 "Omsynssone prioriterte kulturmiljø H570", at: Omsynet til bygningsmiljøet skal ha avgjerande vekt ved handsaming av søknadar om tiltak i desse områda. Løa i Hylen i seg sjølv, og ikkje minst som ein viktig del av det samla bygningsmiljøet på staden, representerer kulturhistorie av lokal og viktig regional verdi.

036/26 Helsekonsekvensutgreiing

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunestyret i Suldal vedtek å setta i gong ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing knytt til råstoffutvinning ved Berakvam og Kordalsnuten.

Tiltaket blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Representanten Kristine Bøe Berge, AP, spør seg ugild.

Kommunedirektøren si vurdering:

Rådet frå kommuendirektøren.

Resultatet av utgreiinga kan få direkte betydning for drifta til Mibau Stema og kan danne grunnlag for tiltak fra kommunen. selskapet må difor reknast som part i saken. På bakgrunn av at selskapet anses å være part etter forvaltningsloven § 2, er styremedlem automatisk ugilde. Ektefelle til styremedlem må vurderast etter forvaltningsloven § 6 andre ledd.

Om det er særeigne forhold som kan svekke tillitten. Omsyn til tillit i lokalsamfunnet gjer at ein rår til at representant Berge er ugild i saka.

LMT-utvalet finn representanten ugild. Representanten går ut kl. 13:25.

Kommunedirektøren redegjer kort for saka.

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling: Samrøystes vedtatt.

Kristine tilbake i rommet kl. 13:37.

LMT - 036/26 Vedtak:

Kommunestyret i Suldal vedtek å setta i gong ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing knytt til råstoffutvinning ved Berakvam og Kordalsnuten.

Tiltaket blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond

22.04.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

Kommunedirektøren orienterer kort om saka.

RØYSTING:

Kommunedirektøren si innstilling:

For: Samrøystes.

LEV - 018/26 Vedtak:

Kommunestyret i Suldal vedtek å setta i gong ei uavhengig helsekonsekvensutgreiing knytt til råstoffutvinning ved Berakvam og Kordalsnuten.

Tiltaket blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond

037/26 Vatn og avlaupshandtering frå krysset inn til Nedre Dalane og opp mot Olastien - tilleggsløyving

Kommunedirektøren si innstilling

Prosjekt VA Sand II og III vert tilført kr. 6 mill for å forlenga avlaupsleidninga under fylkesvegen og inn til ny samleikum i Nedre Dalane samt å leggja ny avlaupsleidning frå ny samleikum og opp til Olastien.

Tiltaket blir finansiert ved:

Kr. 6 mill frå disposisjonsfondet.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 037/26 Vedtak:

Prosjekt VA Sand II og III vert tilført kr. 6 mill for å forlenga avlaupsleidninga under fylkesvegen og inn til ny samleikum i Nedre Dalane samt å leggja ny avlaupsleidning frå ny samleikum og opp til Olastien.

Tiltaket blir finansiert ved:

Kr. 6 mill frå disposisjonsfondet.

038/26 Brannstasjon på Sand - plassering og kjøp av tilleggsareal

Kommunedirektøren si innstilling

1. Ny brannstasjon på Sand vert plassert i Nedre Dalane, på tomtene Gnr 103 bnr 271 og Gnr 103 bnr 369.

2. Kommunedirektøren får i oppdrag å kjøpe nabotomta, Gnr 103 bnr 266.
3. Prosjektering, bygging og kjøp av nabotomt vert finansiert med avsette midlar til Ny brannstasjon på Sand, kr. 80 mill.

Tiltaket blir finansiert ved: Avsette midlar til tiltaket i budsjett/økonomiplan for 2026-2029.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Endringsforslag, foreslått av Sølve Myrvang, Arbeiderpartiet

Saka blir sendt i retur. Me ønskjer dokumentasjon/utgreiing på området for Garaneset og eventuelt andre område som er vurdert. Me stiller også spørsmål rundt fleire utgreiingar i saka, t.d. Frå NVE, DSV og Statsforvaltar.

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling:

For: 1 - SP Åsmund Bakka

Endringsforslag frå AP:

For: 4 - AP, SV, SP Berit Fyljesvoll Haugslund

LMT - 038/26 Vedtak:

Saka blir sendt i retur. Me ønskjer dokumentasjon/utgreiing på området for Garaneset og eventuelt andre område som er vurdert. Me stiller også spørsmål rundt fleire utgreiingar i saka, t.d. Frå NVE, DSV og Statsforvaltar.

039/26 Kammen - bustadområde avsett i kommuneplanen

Kommunedirektøren si innstilling

1. Kommunedirektøren rår til at saka vert teken til vitande og at ein legg inn saka i handlingsprogrammet for 2027-2031
2. Kommunedirektøren rår til at saka vert teken til vitande og til at ein ikkje går vidare med utarbeiding av reguleringsplan for området.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Punkt 1 samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

RØYSTING

Punkt 1: Samrøystes

Punkt 2:

LMT - 039/26 Vedtak:

Kommunedirektøren rår til at saka vert teken til vitande og at ein legg inn saka i handlingsprogrammet for 2027-2031.

040/26 Årsmelding 2025

Kommunedirektøren si innstilling

Årsmeldinga for 2025 vert vedteken slik den ligg føre, dagsett april 2026

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**Handsaming:**

Grunna tekniske problem får me ikkje opp tekst, berre overskrifter. Har ikkje fått lese årsmeldinga.

RÅDF - 013/26 Vedtak:

Grunna tekniske problem får me ikkje opp tekst, berre overskrifter. Har ikkje fått lese årsmeldinga.

20.04.2026 Eldrerådet**Handsaming:****ELDR - 009/26 Vedtak:**

Grunna tekniske problem får me ikkje opp tekst, berre overskrifter. Har ikkje fått lese årsmeldinga.

21.04.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)**Handsaming:**

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 040/26 Vedtak:

Årsmeldinga for 2025 vert vedteken slik den ligg føre, dagsett april 2026

22.04.2026 Levekårsutvalet**Handsaming:****RØYSTING**

Kommunedirektøren si innstilling:

For: Samrøystes.

LEV - 021/26 Vedtak:

Årsmeldinga for 2025 vert vedteken slik den ligg føre, dagsett april 2026.